

**Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF**

Tid:	Styret for Helse Vest RHF 06.03.2008, 08:30 - 15:00
Møtestad:	Stavanger, Helse Vest RHF

**Styremøtet var ope for publikum og presse**

Deltakarar frå styret:	Forfall:
Oddvard Nilsen	Eli Moldeklev
Leiar	Medlem
Kari Oftedal Lima	
Nestleiar	
Gunnar Berge	
Medlem	
Torhild Selsvold Nyborg	
Medlem	
Ohene Aboagye	
Medlem	
Gro Skartveit	
Medlem	
Nils P Støyva	
Medlem	
Gisle Handeland	
Medlem	
Gerd Dvergsdal	
medlem	
Inger Hamborg	
Medlem	
Helge Espelid	
Medlem	
Aslaug Husa	
Medlem	
Gunnar Berge	
Medlem	
Egil Anders Haugen	
Varamedlem	

**Deltakarar frå administrasjonen:**

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Viseadministrerande direktør Helge E. Bryne
Fagdirektør Odd Søreide
Økonomidirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal
Seniorrådgivar Torunn Nilsen

**Saker:**

---

- |          |   |
|----------|---|
| 024/08 B | Godkjenning av innkalling og dagsorden                                    |
| 025/08 B | Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 25. februar 2008  |
| 026/08 O | Administrerande direktør si orientering                                   |
| 027/08 B | Rapportering frå verksemda per 31. januar 2008                            |
| 028/08 B | Fagleg rapportering 2007 - forskingsprosjekt og høgspesialiserte tenester |
| 029/08 B | Årsmelding 2007 frå pasientomboda i Helse Vest                            |
| 030/08 B | Årsmelding 2007 frå det regionale brukarutvalet                           |
| 031/08 O | Meldesentralens årsrapport 2006 - Rapport frå Helsetilsynet 1/2008        |
| 032/08   | Eventuelt   |

## **Presentasjon av dei private ideelle institusjonane ved administrerande direktør ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus, Eivind Hansen**

Eivind Hansen, administrerende direktør ved Haraldsplass Diakonale Sykehus (HDS) og koordinator for dei private ideelle institusjonane i Helse Vest, presenterte dei private ideelle institusjonane med fokus på HDS.

Private ideelle i Helse Vest:

- Haraldsplass Diakonale Sykehus
- Hospital Betanien
- NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus
- Haugesund santitesforenings revmatismesykehushus
- NKS Bjørkeli døgnavdeling
- Solli Sykehus – Fana og Os DPS
- NKS Jæren DPS

I tillegg kjem institusjonar innan rusbehandling.

Institusjonane har 1953 tilsette og ei årsomsetning på om lag 900 millionar kroner. Samla sett har dei private ideelle konkrete utbyggingsplaner for perioden fram mot 2012 med kostnadar på 993 millionar kroner.

Kjenneteikn – "private ideelle"

- Har vore med å bygge det offentlige helsevesen i Norge.
- Har vore ein sentral del av "sørge for ansvaret" lenge.
- Har vore spydspissar i utvikling av delar av helsetilbodet.
- Eventuelt overskot vert brukt i institusjonen. Aksjene kan ikkje seljast og stiftingar er under offentleg kontroll.
- Har stilt og stiller bygningsmasse og innhaldsrike institusjonar til disposisjon for det offentlige helsevesen.
- Er verdimessig motivert og har frivillige som bidrar med omsorg for pasient og brukarar.

Dei private ideelle institusjonane ønskjer likeverdige rammevilkår:

- Målast mot same resultatmål og kvalitetskrav.
- Like vilkår for drift av like tenester.
- Rett finansiering av kapital og investeringar.
- Lik tilgang til "felles" infrastruktur.
- Bli vurdert når nye oppgåver skal løysast.

Dei private ideelle har hatt store ekstra pensjonskostnader 2007 og 2008:

- Samla ekstrakostnad for private ideelle i 2007 på 160 mill.kr. og 180 mill.kr. i 2008.
- Eks. Haraldsplass Diakonale Sykehus.
  - Opplåning på 60 mill.kr. – til dekning av premie.
  - Ekstra pensjonskostnader 2007: 22,4 mill.kr.
  - Ekstra pensjonskostnader 2008: 25 mill.kr.

Styret er merksam på desse utfordringane og avventar nærmare avklaring i Revidert Nasjonalbudsjett 2008.

## 024/08 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

### Kommentarar:

#### Forfall:

Eli Moldeklev hadde meldt forfall til styremøtet.

1.vara - Arvid Langeland og 2. vara - Torgeir Finjord var innkalla og hadde meldt forfall.

3. vara – Egil Anders Haugen møtte som styremedlem valt av og blant dei tilsette.

#### Lukking av møte

Styreleiar orienterte om at møtet ville bli lukka under behandling av AD si orientering pkt 9 – Lønsramme Helse Vest RHF, med heimel i Offl. § 6 første ledd nr 2 bokstav a.

#### Eventuelt:

Følgjande saker vart meldt til eventuelt:

Oppfølging av brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Rapport frå Helsetilsynet om akuttmottak

#### Følgjande dokument var sendt ut på e-post og delt ut i møte:

- Innkalling til føretaksmøte i Helse Vest RHF 14. mars 2008
- Program for styresamling 6. og 7. mars
- Rapportering frå verksemda til Helse og omsorgsdepartementet – Rapportering per 31. januar 2008

#### Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## 025/08 B Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 25. februar 2008

#### Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 25. februar 2008.

## 026/08 O Administrerande direktør si orientering

### Ope del

#### 1. **Forventa årsresultat 2007**

Førebels rekneskapstal viser eit negativt avvik på om lag 100 millionar kroner i 2007 i høve til resultatkrav. Dette er ei resultatforbetring frå 2006 til 2007 på om lag 300 millionar kroner.

#### 2. **Fastsetting av måltal månadsverk 2008**

HF-a har for 2008 framleis omstillingsutfordringar.

Erfaringane frå dei siste åra viser at lønsområdet (som representerer 70 – 80 % av totalbudsjettet) er eit av dei områda som er vanskeleg å styre.

Helse Vest RHF har laga utkast til ein modell for fastsetting av måltal for månadsverk i HF-a. Føresetnaden er at det er gjeldande budsjettvedtak i HF-a som skal liggja til grunn for måltalet for netto månadsverk.

Alle tiltak som er vedteken av HF-a i samband med budsjettbehandlinga og som har konsekvensar for lønsområdet skal leggjast inn i modellen for måltal månadsverk.

Dersom det er vedteke nedtrekk i budsjettet til HF-a som det ikkje er konkrete tiltak for ("ostehøvel-tiltak"), blir dette og lagt inn i modellen.

Resultatet av dette blir eit måltal for netto månadsverk for kvar månad for kvart HF, som vil vise eit nedtrekk i forhold til månadsverk i 2007.

Styret slutta seg til hovudprinsippa i modellen og la vekt på at den vidare prosessen må gjemmomførast i samarbeid med helseføretaka og i dialog med dei tilsette.

### **3. Innmeldte investeringsprosjekt – MOBA v/Helse Stavanger og Stemningslidingar v/Helse Bergen**

Helse Vest RHF har fått oversendt følgjande investeringsprosjekt til behandling av styret i Helse Vest i møte den 6. mars 2008:

- MOBA 3. etasje innreiling Helse Stavanger HF
- Nytt bygg for Stemningslidingar ved Helse Bergen HF

Dei aktuelle sakane blir ikkje lagt fram til behandling i dette styremøtet grunna følgjande forhold som må klargjerast betre av helseføretaka:

1. Kva konsekvensar har prosjekta for drift, økonomi, areal (fråflytting av areal og etterbruk) samt andre forhold
2. Kva tiltak skal gjerast for å dekke opp for desse konsekvensane
3. Risikoanalyse
4. Drøfting med tillitsvalte
5. Avklare finansiering med HOD når det gjeld MOBA 3. etasje der det blir søkt om lån på kr 100 mill

### **4. Årsrapport 2007**

Styret var samde i å utarbeide Årsrapport 2007 etter same mal som tidlegare år. Malen er felles for Helse Vest RHF og helseføretaka.

### **5. Ny forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar**

Ein ny forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontaktar er vedtatt ved kongeleg resolusjon av 8. februar 2008. Forskrifta har heimel i lov av 16. juni 1999 nr 69 om offentlege innkjøp § 11a og trer i kraft frå 1. mars 2008.

Formålet med den nye forskriften er å hindre utnytting av arbeidskraft.

Forskrifta pålegg oppdragsgjevarar å stille krav om at leverandøren og eventuelle underleverandørar på førespurnad må dokumentere løns- og arbeidsvilkåra til sine tilsette. Oppdragsgjevarar får også ein plikt til å gjennomføre nødvendig kontroll for å sjekke om krav til løns- og arbeidsvilkår faktisk blir overhalde. Oppdragsgjevarar må også sikra seg rett til å gjennomføre nødvendige sanksjonar dersom dette ikkje er tilfellet.

Noreg er allereie forplikta etter ILO-konvensjon nr 94 til å pålegge sentrale statlege myndigheter å ta med arbeidsklausular i sine kontraktar. I føretaksmøtet i Helse Vest RHF 25. januar 2008 blei det også stilt krav til Helse Vest RHF om å ivareta desse prinsippa ved inngåing av kontraktar. Helse Vest RHF har vidareført dette i styringsdokumenta til helseføretaka.

Helse Vest RHF vil innarbeide klausul som statuerar leverandørar og underleverandørar sin plikt i alle nye kontraktar. I tillegg vil vi innarbeide i kontraktane ein føresegn som sikrar oss rett til kontroll. Helse Vest RHF vil også etablere oppfølgingsrutinar.

Aslaug Husa viste til pågående streik ved Sentrum Røntgen som Helse Vest kjøper tenester av, og ba styret vurdere tiltak forhold til Sentrum Røntgen for å sikre at dei tilsette sin tariffavtale er i samsvar med den nye forskriften også før eventuell ny avtale trer i kraft.

Helse Vest har innarbeid klausul i samsvar med forskriften i ny kontrakt som er sendt ut 4. mars med 10 dagars klagefrist. Fram til ny kontrakt er gjeldande må Helse Vest halde seg til inngått kontrakt og den pågående konflikten må løysast mellom partane.

6. **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndighetskrav**  
Administrasjonen viste til utsendt notat
7. **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker**  
Administrasjonen viste til utsendt notat
8. **Oversikt over høyringar**  
Administrasjonen viste til utsendt notat

#### **Lukka del**

U.off. jf. Off.I. § 6 første ledd nr 2 bokstav a

9. **Lønsramme Helse Vest RHF 2007**  
Styret fastsette lønsramme for regulering av løn for tilsette i Helse Vest RHF for 2007.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tok meldingane til orientering

## **027/08 B Rapportering frå verksemda per 31. januar 2008**

#### **Kommentarar:**

Rapporteringa er utarbeidd med basis i informasjon per 31. januar 2008.

#### Aktivitet

Den somatiske aktiviteten målt i talet på produserte DRG-poeng var 4% høgare i januar 2008 enn i same månad i 2007. Grovt kan ein dela veksten i DRG-poeng i to komponentar. Den eine er aktivitetsveksten målt i sjukehusopphald, som aukar med 2.1% samanlikna med 2007. Medan den andre komponenten er DRG-indeksen som har auka med 1,9%.

Den polikliniske aktiviteten er 4 % høgare i januar 2008 enn den var på same tid i 2007.

Innan barne og ungdomspsykiatrien er den samla døgnaktiviteten ved starten av året på same nivå som ved same tid i fjor.

Innan psykisk helsevern for vaksne er aktiviteten i januar 2008 lågare enn i 2007 for døgnbehandling, medan den er høgare for dagbehandling.

Tala viser at aktiviteten for høg i høve til krava som er sett i Styringsdokumentet til helseføretaka. Særleg innan somatikk aukar aktiviteten for mykle.

#### Ventetid:

Ventelistetala per 31. januar innan somatikk viser ein svak nedgang i ventetid frå desember til januar både for dei med rett til nødvendig helsehjelp og dei med annan rett til helsehjelp, men ventetida er framleis høgare enn den var tidleg i 2007. Den høgaste ventetida finn vi hos dei private ideelle sjukehusa. Helse Førde og Helse Stavanger har den lågaste gjennomsnittlege ventetida per 31. januar.

#### Epikrise:

Målsettinga om at 80 prosent av epikrisane skal være sende innan 7 dagar etter utskriving er ikkje oppnådd innan nokon av fagområda.

Innan somatikk gjekk delen epikrisar gradvis nedover etter sommaren og låg i desember 2007 på det lågaste nivået som var rapportert dei 12 siste månadene. I januar vart dette noko betre i alle helseføretaka med 64 prosent. Delen av epikrisar som vart sendt innan 7 dagar var i januar 64 prosent for psykiatri og 79 prosent innan rusbehandling.

#### Økonomi:

Tabellen viser resultatet per januar.

Pr januar	Januar			Prognose resultat 2008
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	
Apoteka Vest	872	872	0	6 030
Helse Bergen	3 864	-1 646	5 510	0
Helse Fonna	1 345	-434	1 779	0
Helse Førde	-6 892	-6 966	74	-40 000
Helse Stavanger	207	4 978	-4 771	0
Kjøp av helsetenester	3 995	3 333	662	40 000
Helse Vest (Mor)	84	-292	376	0
Helse Vest IKT	455	-293	748	0
<b>Sum</b>	<b>3 930</b>	<b>-448</b>	<b>4 378</b>	<b>6 030</b>

I januar rapporterer vi eit positivt resultat avvik på kr 4,4 mill.

Det er ingen av føretaka som melder om avvik frå budsjettet prognose.

#### Medarbeidarar:

Sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest var for desember 2007 7,4 %, dette er ein reduksjon på 0,4 % frå månaden før og ein reduksjon på 0,3 % samanlikna med same periode i 2006. Tal einingar med eit sjukefråvær på 4,5 % eller lågare var for desember 2007 43,4 %.

Netto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest er 15.985, dette er ei nedgang på 875 frå desember 2007.

Forbruk av variabel lønn visar ein nedgang frå desember 2007 til januar 2008. Dette er ein vanleg utvikling i helseføretaka sin bruk av ressursane.

Implementeringa av MOT prosjektet har framleis høgt fokus og tempo i alle helseføretaka. Lønn, fråvær og refusjonsløysinga, rekruttering, arbeidsplanlegging er i hovudsak innførd. Hovudfokus vil nå vere å stabilisera alle nye arbeidsrutinar i alle ledd og sikra at alle prosedyrar blir etterlevd i tråd med føresetnadane. Det gjenstår framleis ein del nye arbeidsprosessar og system som skal implementerast utover våren og sommaren 2008. Ein av dei viktigaste prosessane er den saumlause integrasjonen for all informasjonsutveksling mellom alle systema, inkludert kompetanse og arbeidsplanlegging. Dernest skal nytt system og simuleringsmodell for lønsforhandlingar vere klart i april månad 2008 til bruk for eventuelle lønnsforhandlingar i 2008.

#### Omdømme:

##### Tiltru til tenesta:

Gjennomsnittet er på 74 prosent i januar, det vil seie 5 prosentpoeng ned frå desember, og litt lågare enn gjennomsnittet for siste halvår. Målet er 80, så resultata viser at befolkninga har høg tiltru til sjukehustenesta.

##### Inntrykk av det regionale helseføretaket:

Resultatet er om lag likt som førre månad og gjennomsnittet siste halvår på regionnivå (53 prosent), men langt unna måltalet 80.

Styret la vekt på at helseføretaka må få kontroll på aktivitet og månadsverk for å sikre balanse i 2008, samt at arbeidet med å nå målsettinga om at 80 prosent av epikrisane skal være sende innan 7 dagar etter utskriving må styrkast.

Styret ønskte eit notat med oversikt og linkar til dokumentasjon innan dei ulike delprosjekta i MOT-prosjektet.

Styret ønskte og ein samla presentasjon av MOT-prosjektet, arbeidet med å redusere sjukefråver og talet på deltidsstillingar.

Når det gjeld omdømme ønskte styret eit fast punkt på AD si orientering på kvart styremøte, med orientering om tal på mediahen vendelser, status i mediabilete, samt oversikt over pressemeldingar frå RHF-et og helseføretaka.

Styret ønskte og å ha omdømme som tema på eit styremøte/styreseminar, samt ei ny orientering om erfaringar med pasienthjelpar til styremøtet i september.

**Vedtak (samrøystes):**

1. Styret tok verksemdsrapport per 31. januar 2008 til etterretning.
2. Styret viser til økonomiske resultatavvik i Helse Fonna i 2007 og ber Helse Fonna om å vurdere realismen i det vedtekne budsjettet og vedta nødvendige tiltak for å nå resultatmålet for 2008. inkl. ein reserve i tråd med sak 94/07 B, vedtak 4.
3. Styret ber Helse Bergen og Helse Førde snarast etablere ein reserve, med ein storleik i tråd med sak 94/07 B, vedtak 4.

## **028/08 B Faglig rapportering 2007 - forskningsprosjekter og høyspesialiserte tjenester**

**Kommentarar:**

Det lages årlig en rapport som omfatter forskningsprosjekter som har fått tildelt midler av Det regionale samarbeidsorganet mellom Helse Vest RHF, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger, og virksomheten ved regionens høyspesialiserte tjenester. Rapporten utarbeides av Kompetansesenteret for klinisk forskning i Helse Bergen HF og forelegges samarbeidsorganet. Samarbeidsorganet behandlet rapporten 13.02.08 og tok den til etterretning, jf sak 02/2008.

Hovedkonklusjon for rapporteringen i 2007 er at forskningsproduksjonen har økt både for avgjorte doktorgrader og for PubMed-registrerte vitenskapelige artikler, og økningen er spesielt tydelig for antallet doktorgrader (25 %), noe som samsvarer godt med at Universitetet i Bergen har meldt om det største antall avgjorte doktorgrader noensinne. Andelen kvinnelige søker er sterkt økende.

58 forskningsprosjektene oppgir tilknytning til et satsingsområde i Nasjonal helseplan, og over 60 % av disse er tilknyttet strategiområdene kreft og psykisk helse. Kvinnehelse kommer på tredje plass.

For 5 år på rad øker Helse Vest sin relative andel av total forskningsproduksjon ved landets sykehus

Rapporten viser at 75 % av prosjektene er fullfinansiert av Helse Vest.

**Vedtak (samrøystes):**

1. Styret tar rapporten "Faglig rapportering 2007" vedrørende forskningsprosjekter, nasjonale funksjoner og nasjonale og regionale kompetansesentre til etterretning.
2. Rapporten oversendes Helse- og omsorgsdepartementet som tillegg til årlig melding, jf styresak 21/08

## **029/08 B Årsmelding 2007 frå pasientomboda i Helse Vest**

**Kommentarar:**

Pasientombodet i Hordaland, Grethe Brundtland og pasientombodet i Rogaland, Grete Brundtland presenterte årsmeldinga.

Pasientomboda gjer eit viktig arbeid for å ivareta pasientane sine interesser og rettar overfor spesialisthelsetenesta. Gjennom dette arbeidet får pasientomboda også viktig kunnskap om tenestene som er viktig i samband med utvikling av kvaliteten på tenestene.

Fra og med 2003 er det etablert nasjonal statistikk for pasientomboda. Denne viser at talet på registrerte førespurnader i Helseregion Vest i høve til innbyggjartalet ligg under landsgjennomsnittet. Samla har omboda i Helseregion Vest registrert 2189 førespurnader i 2007. Dette er 56 fleire saker enn året før, ein auke på 2,6 %.

Det er på fagområda rus og kreft det er registrert ein tydeleg auke i talet på førespurnader. I Helseregion Vest har det også vore ein jånn auke i talet på førespurnader vedrørande kommunehelsetenesta. Det ligg føre eit lovforslag om utviding av pasientombodsordninga til og å gjelde denne delen av helsetenesta samt deler av sosialtenesta.

Pasientane er i hovudsak nøgde med helsetenestene dei får. Pasientomboda kjem i kontakt med pasientar som på ein eller annan måte har fått ein skade på sjukehus i samband med manglende diagnostisering eller feil behandling eller av anna grunn er misnøgd med tilbodet.

Årsmeldinga gir ei oversikt over omfanget av dei ulike tema hos det enkelte ombod. I årsmeldinga er det fokusert på problemstillingar knytt til pasientrettar og til pasienttryggleik.

Pasientomboden ser på ordninga med pasienthjelpar som eit positivt tiltak og har fått fleire tilbakemeldingar på at dette har vore nyttig for pasientane.

Styret presiserte at helseføretaka må legge til rette for at pasientomboda og får presentere tenesta for HF-styra.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Årsmelding for 2007 frå pasientomboda i Helse Vest vart teke til orientering.

## **030/08 B Årsmelding 2007 frå det regionale brukarutvalet**

#### **Kommentarar:**

Ingrid Mällberg, leiar av det regionale brukarutvalet presenterte årsmeldinga.

Det regionale brukarutvalet vart vedtatt oppretta av styret for Helse Vest RHF 27. mai 2002. Utvalet har i 2007 bestått av 9 medlemmer. Seks av medlemmene representerer Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO), to av medlemmene representerer Samarbeidsforum for funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) og ein representant er utpeikt av fylkeseldreråda i regionen.

Det regionale brukarutvalet har mellom anna hatt fokus på følgjande saksområde i 2007:

- Traumesystem i Noreg
- Utforming av framtidige lokalsjukehus
- Gjennomgang av oppdragsdokumentet til helseføretaka
- Gjennomgang frå dialogmøtet med styret
- Brev frå Revmatiker forbundet: - "Reise til og fra sykehus" og "medisiner som vert tatt ut av ordninga med blå resept"
- Ventetider for barn og ungdom med psykiske lidinger
- Behandling for pasientar med sjukleg overvekt
- Organisering av nevrokirurgitilbodet i Helseregion Vest
- Pasientstrøm – tilvising av pasientar til vidare behandling internt på sjukehus
- "Lokalsykehusenes akutfunksjoner i en samlet behandlingskjede", høyring
- "Helse 2020, Strategi for helseregionen", høyring
- "Forslag til utvidelse av pasientombudsordningen", høyring

Det regionale brukarutvalet opplever at tilhøva for påverknad og deltaking i utforminga av spesialisthelsetenesta ligger godt til rette.

Utvalet opplever at forholdet til, og dialogen med, styret kan verte betre. Utvalet ønskjer primært at ein representant frå det regionale brukarutvalet skal få status som observatør i styret - med talerett.

Styret ønskete å få framlagt eit notat som viser korleis dette er handtert i dei andre helseregionane.

**Vedtak (samrøystes):**

Årsmelding for 2007 frå det regionale brukarutvalet vart teke til orientering.

## **031/08 B Meldesentralens årsrapport 2006 - Rapport frå Helsetilsynet 1/2008**

**Kommentarar:**

I serien Rapport frå Helsetilsynet blir det formidla erfaring frå klagebehandling og tilsyn med sosial- og helsetenestene. Rapport frå Helsetilsynet 1/2008 er Meldesentralens årsrapport for 2006.

Hovudformålet med meldeplikta er å avklare bakgrunnen for hendingar og førebygge at tilsvarende hendingar skjer igjen slik at andre pasientar dermed ikkje risikerer å bli utsett for skade. Meldeplikta er i medhald av spesialisthelsetenestelova § 3-3, og er meint å understøtte internkontroll og kvalitetsarbeid i helseinstitusjonar.

I Meldesentralen er det i perioden 2003 til 2006 registrert ca 2000 meldingar kvart år.

I årsrapporten for 2006 er det fokusert på hendingar knytt til fødslar. Blant anna er det sett på meldefrekvens i høve til talet på fødslar. Helsetilsynet har merka seg at det er fleire fødestader i landet som har langt under 40 fødslar i 2006, (jf vedlegg 3 i rapporten). I Helse Vest hadde fødestova i Lærdal 73 fødslar og fødestova i Odda 77 fødslar i 2006.

Det er bedt om at fødeinstitusjonane set fokus på ein open og god meldekultur som del av det kontinuerlege arbeid med pasienttryggleik og kvalitetssikring.

Over halvparten av meldingane registrerte i 2006 gjeld forhold som kunne ha ført til betydeleg personskade, og ein tredjedel gjeld betydeleg personskade.

Talet på pasientar som er informert om skade som dei er utsett for og om Norsk Pasientskaderstatning (NPE) viser ei gradvis auke. Helsetilsynet peikar på at det likevel fortsett er for mange pasientar som har vert utsett for hendingar og som ikkje blir informert verken om hendinga eller om NPE. Helsetilsynet peikar her på eit klart forbetringspotensiale.

**Vedtak (samrøystes):**

Saka vart teke til orientering

## **032/08 Eventuelt**

### **Oppfølging av brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune (Oddvard Nilsen)**

Styreleiar orienterte om at møte med Sogn og Fjordane fylkeskommune vil bli gjennomført i samband med styremøtet i mai.

Notat om organisering av møte med politisk leiing nasjonalt og regionalt vil bli lagt fram på neste styremøte.

### **Rapport frå Helsetilsynet om akuttmottak (Oddvard Nilsen)**

I rapporten har Helse Bergen HF ingen avvik.

Helse Førde HF har lukka sine avvik

Helse Stavanger HF har sakt dei vil lukke innan 1. september.

I Helse Fonna HF er det planlagt evaluering 15. august.

Det blir lagt fram styresak om status ved akuttmottaka på neste styremøte.

### **Revisjonsrapporten om den økonomiske situasjonen i Helse Fonna**

Revisjonsrapporten blir sendt ut til styret no. Styresak til RHF-styret blir lagt fram etter at styret i Helse Fonna har gitt sine kommentarar.

### **Nevrokirurgi**

Styret ønskete ei statusrapportering når det gjeld nevrokirurgi på alle styremøte etter føretaksmøte med HF-a er gjennomført.

### **Økonomiopplæring i HF-a**

Opplæring av linjeleiarar og kontrollarar i HF-a er i oppstartfasen, og vil bli gjennomført i alle helsefretak i løpet av 2008.

### **Høyningsuttale – Inntektsfordeling – Magnussenutvalet**

Utkast til høyningsuttale blir sendt ut til styret på e-post. Vidare handtering blir avklart med styremedlemmene på e-post.

## **Skriv og meldingar**

### Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev fra HOD til Helse Vest, dagsett 02.02.08 – Innkalling til føretaksmøte i Helse Vest RHF 15. februar 2008
- Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 15. februar 2008
- Brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Vest RHF, dagsett 25. februar 2008 – Oversending av regional oppsummeringsrapport – LOT – akuttmottak 2007
- Brev frå Statens Helsetilsyn til RHF-a, dagsett 22. februar 2008 – Mens vi venter – forsvarlig pasientbehandling i akuttmottakene – rapport
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Fonna HF, dagsett 21. februar 2008 – Oversending av rapport frå tilsyn
- Brev frå Stavanger kommune, dagsett 5. februar – Innspill til sak 010/08
- Brev frå Mental Helse, dagsett 22. februar – Bygg til Stavanger DPS
- Brev frå Voksne for Barn til Helse Vest RHF – Informasjon om Vaksne for Barn sine talspersoner
- Brev frå Helse Vest RHF til Riksrevisjonen, dagsett 14. februar – Snorkeoperasjoner i Helse Vest – Uts. Off
- Brev frå Helse Stavanger til Helse Vest, dagsett 12. februar – Snorkeoperasjoner i Helse Vest – Uts. Off
- Brev frå Riksrevisjonen til Helse Vest, dagsett 29. januar – Snorkeoperasjoner i Helse Vest – Uts. Off
- Brev frå Helse Vest RHF til Riksrevisjonen, dagsett 21. februar – Bemannning – bruk av deltidstiltingar – Uts. Off

### Følgjande skriv og meldingar var sendt ut på e-post og delt ut i møte:

- Innkalling til føretaksmøte i Helse Vest RHF 14. mars 2008
- Program for styresamling 6. og 7. mars
- Rapportering frå verksemda til Helse og omsorgsdepartementet – Rapportering per 31. januar 2008

Ref. Torunn Nilsen  
Stavanger 6. mars 2008

---

Oddvard Nilsen  
Styreleiar

---

Kari Oftedal Lima  
Nestleiar

---

Gunnar Berge

---

Gisle Handeland

---

Ohene Aboagye

---

Gerd Dvergsdal

---

Torhild Selsvold Nyborg

---

Gro Skartveit

---

Nils P Støyva

---

Inger F. Hamborg

---

Helge Espelid

Sett:

---

Eli Moldeklev

---

Aslaug Husa

---

Egil Anders Haugen